Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

# RAUD MORGON

ORGAN FOR RAUD FRONT LEIREN
HJELLE 77

ÅRGANG 3. NR. 5.



STORTINGET



„DET ER BEVEGELSE I VAL-ARBEIDET – MEN FORTSATT ER DET FOR FÅ SOM VIL STEMME RV!"

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

nnnnnnnnnnnnnnnnnnnnnnLEIARnnnnnnnnnnnnnnnnnnnn

RØYST RAUD VALALLIANSE!!

Det er viktigare å få folk til å røyste RV ved valet til hausten enn å få "ei rørsle som går til venstre".
Likeeins er det ikkje det viktigaste ved valkampen at den skal styrkje etterkomande massekampar i seg sjølv. Det er viktig å ha klart for seg at valkampen og ei revolusjonær valkampverksemd er ei særskild oppgåve som krev særskilde åtgjerder. At massekampen er ei oppgåve som må kombinerast med deltaking i val og parlamentariske organ. Eigen verksemd i slike organ vil lette avsløringa av parlamentet og klassediktaturet.
Grunngjevinga for å stille "Røyst RV" som hovedparole for valet er viktig fordi:

I. Det tvingar massane til å ta eit aktivt standpunkt til RV og den revolusjonære lina.

2. Det vil konkret vera ein gradmålar påmassane sitt nivå.

3. " Det er nettopp fordi det bare er fra innsiden av slike institusjoner som de borgerlige parlamentene, at kommunister kan(og må) kjempe en lang og vedvarende kampforå avsløre, henge ut og overvinne disse fordommene".
Den betydninga Lenin lxxxxi dette sitatet legg av å få revolusjonære innafor slike organ for å"kjempe en lang og vedvarende kamp" betyr at vi må få stemmer til RV.
Sjølv om vi kanhende ikkje får inn folk i dag må vi byrje å sanke røystene alt no.

4. "Røyst RV" er og ei parole for å drive valkampen grundig i massane og ikkje fare med harelabb over dei. Den tvingar oss til å KJEMPE for politikken til RV, og at vi nytter T"tross alt rørsle" som påskot for å ta lett på RV-arbeidet

LEIRLEIINGA.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

## THINGSTAD-BRIGADEN

Brigade I har valt namnet Thingstad-brigaden.
Thingstadgruppa var ei gruppe som opererte i Trondheim og Trøndelagsdistriktet under andre verdskrig. Ho vart organisert etter kommunistiske prinsipp og heldt t.d. ein streng tryggingspolitikk. Dei dreiv aktiv sabotasje, og p.g.a. den strenge tryggingspolitikken klarte dei å halde ut til omlag 1944. Då vart dei sprengde av Rinnan, og dei fleste av medlemmane vart avretta.

## KO - LONG - SANGEN

:/: PIONERA :/:
:/: HAR BRIGADE :/:
:/: HAR DET BRA :/:
VI TRIVES PÅ LEIREN

:/: FOLKEKRIGEN :/:
:/: DEN SKAL VINNES :/:
:/: KO-LONG :/:
HAN ER VÅRT EKSEMPEL

:/: ETTER LEIREN :/:
:/: SKAL VI JOBBE :/:
:/: OG BLI FLER :/:
I RØDE PIONERER.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

## [illegible]ANGEN

% Ni har %
% Har blitt [illegible] %
% Har det bra %
% Vi trivest på leiren

% Folkekrigen %
% Den skal vinnes %
% Ko Leng %
Han er vårt eksempel

% Etter leiren %
% Skal vi jobbe %
% Og bli eller %
% Raude pionerer %

**35000 i fjor – 50000 i år?**

Vi er litt seint ute med RV/Oktober innsamlinga, avs: [illegible]
Det betyr at vi må ta oss ekstra hardt i nakken no.
Sommarleirinnsamlingane har alltid spelt ei viktig rolle i det revolusjonære arbeidet. I fjor vart grunnen lagd for rotasjonstrykkeri og dagsavis, noko som var eit historisk steg for m-l-rørsla. Sommarleirane er ein avgjerande fase i partiet sine store økonomikampanjer og legg mykje av grunnen for arbeidet resten av året. Kva er det vi samlar inn til no?

1. 400000 til Raud Valallianse: RV byggjer på sjølvberging som eit viktig prinsipp for alt revolusjonært arbeid. Vi forlit oss ikkje på den borgarlege staten og vi er imot løyvingar til politiske parti. Entusiasme for politikken og tillit til massane er grunnen for vår økonomi. Lenin skriv: Det er bedre med en kopek fra en arbeider enn ti kopek fra en riking.

2. 700000 til Oktober sin klassikerserie: Det overskotet som vi får inn på RV-kampanja vil bli gjeve til Oktober sin innsamlingskampanje for å utgje dei marxist-leninistiske klassikarane. Det er ei stor og viktig oppgave Oktober har sett seg, og vi bør finansiere eindel av framtida vår i å gje så det svir. Vi er i ei førkrigstid, vi står overfor ein invasjonstrussel frå supermaktene og vi har teke på oss oppgåva å forsvare nasjonen, kaste ut okkupanten og bygge den sosialistiske republikken Noreg. Kva krevst ikkje her av korrekt analyse, kjennskap til taktikk og strategi, kort sagt: Kjennskap til marxismen-leninismen Mao Tse Tungs tenking? NKP vakla og sveik i 1940. AKP skal ikkje vakle i ein 3. verdskrig, seier eindel. Likevel har det vore linjer på denne leiren som i sin konsekvens er nasjonalt forræderi.

**GJELDSBREV.** Det er viktig at folk teiknar seg for gjeldsbrev. Dette gjeld særskilt dei som har med for lite kontantar.
**FRIST** 1. september
**MÅLSETTING** Kvar kamerat må gje minst 200 kroner til.

**LEV ENKELT OG KJEMP HARDT – GJE SÅ DET SVIR.**

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

## SVAR PÅ KRITIKKEN AV SANGEN PÅ MELODIEN "PER SPELMANN":

Gruppe 3 i "Asmara - brigaden" har drøfta kritikken .
Vi meiner at kritikken om at vi syner hovmot overfor NKP sine
feil i 1940 er urett.

1. vers analyserer ikkje ulike sider ved NKP i 1940, men
slår fast:

1. NKP stilte seg ikkje i brodden for massane sin kamp mot nazismen.
2. NKP stod for lina med samarbeid, orden og ro.
3. Partiet NKP sveik massane i 1940.

Dette er faktum og ikkje uttrykk for hovmot.

Gruppe 3 delte seg i synet på kritikken om AKP- sjåvinisme i vers 2
"Fremst i den kampen må AKP stå ".
Vi meiner denne linja byggjer på ein rett analyse. AKP må leie
folkekrigen. Ingen annan i Noreg kan leie kampen. Leier ikkje AKP,
vert det ingen folkekrig.
"Partiet i brodden er AKP er AKP, er AKP (m-l)"

Tolking 1: AKP har no i 1977 , ein rett analyse, og som det xx
einaste partiet som propagandere folkekrigen og bur
seg på å leie den. Heile gruppa meiner linja kan
tolkast slik. Denne tolkinga avviser kritikken om
at linja uttrykkjer AKP-sjåvinisme.

Tolking 2. AKP vil også i framtida 100% sikkert, propagandere
folkekrigen, bu seg på å leie den og stille seg i
brodden for folkekrigen når den tid kjem.

Denne tolkinga hevdar at AKP er vaksinert mot all revisjonisme.
Ein del av gruppa meiner linja kan tolkast slik at kritikken om at
linja utrykkjer AKP- sjåvinisme, såleis er rett. Dei andre avviser
tolking nr. 2 og avviser såleis også kritikken.

Det er også reist kritikk mot at forma høver darleg til innhaldet.
Innhaldet er djupt alvorleg medan melodien "Per Spelmann" er munter
Oppgåva var å forme ut kultur med nasjonal form.
Gruppa gjer sjølvkritikk på at vi i leitinga etter nasjonal form,
gjorde kravet om einskap mellom form og innhald underordna.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

# RAUD MORGON

NR 5/77

RHUD FRONT LEIREN HJELLE



Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2015

# TIL OPPSUMERING AV LEIREN

1) Leiren har vore ein skarp kamp mellom to linjer. Vi har sett at det finst motseiingar i alle ting. Vi har avslørt farlege tendensar til vakling. Vakling som vi i dag ser fører til grovt overslag når vi skal gjere op med feil linjer.
Når vi skulle korrigere avviket:"Det er ikkje viktig å få folk inn på Stortinget", oppstod avviket at "folk i Stortinget er ein forutsetning for revolusjonen".
Vi påpeiker heilt korrekt at Sovjet er ei supermakt i framgang og den mest sannsynelege krigsutløysaren. Det dukka då opp eit overslag, ein tendens til å ville alliere seg med USA-imperialismen- ei linje som fører til nasjonalt forræderi.
For å unngå slike feil er det tvingangande nødvendig at alle skolerer seg i marxismen-leninismen , at alle styrkar studiane.
2.Kampen mellom dei to linjene har ført til at nivået vårt på alle tre hovudemna er blitt mykje høgare .På alle desse emna det stått skarp kamp ,og vi har teke opp kampen mot viktige avvik å undervurdere USA imperialismen, og å ~~undervurdere~~ nedprioritere valkampen og å undervurdere betydninga av å avsløre parlamentarismen innafrå. - Å legge seg flat for arbeidararistokratiet sin terror.
3. I alle tre diskusjonane har det eksistert ein tendens til å ikkje sjå at massane er dei verkelege heltane, til ikkje å ha tru på at massane vil kjempe: Vi treng allierte for å vinne folkekrigen. Vi kan skape ein revolusjonær situasjon gjennom å avsløre parlamentarismen, og underskår at massane må kjempe for sosialismen.
4. Leiren har vore prega av stor entusiasme og kampvilje. Dårleg ver, organisatoriske og byråkratiske feil , og ein for dårleg ~~xxxxx~~ disiplin, har ikkje hindra politisk framgang. Mange har teke ordet i plenumsdiskusjonane. Trass i at det ikkje er ført kampanje er det samla inn meir pengar på leiren i år enn i fjor.
Vi marsjerer syngande i leiren. Tyder det på liten entusiasme. Trass i at det har vore for lite aktivitetar i gruppene, trass i at nye folk ikkje har vorte teke spesielt vare på slik at dei kan utvikle seg godt nok, har vi gått kraftig framover.

S T Y R K  S T U D I A N E

S T Y R K  A K P (m - l)

sp.
1. Har leiren ført den revolusjonære rørsla framover? Har du utvikla deg på leiren.
2. Sett på bakgrunn av dei har gjort,kva er viktig framover?